Besøksadresse:
Torggata 44 • 2317 Hamar

Postadresse:
Postboks 325 • 2303 Hamar

Bankgiro annonser:
1820 05 00519

Bankgiro abonnement:
1822 06 42530

Redaksjonen:
redaksjonen@hamar-dagblad.no
Tlf.: 62 54 31 40
Faks: 62 54 31 60

nettavisen@hamar-dagblad.no
MMS/SMS: HD til 2097

Ansvarlig redaktør:
Tore Svensrud
Tlf.: 62 54 31 51

Journalister:
Hilde Berit Evensen
Tlf.: 975 18 779

Jo E. Brenden
Tlf.: 908 82 098

Administrerende direktør:
Jon Kristiansen
Tlf.: 62 43 24 77

Annonser:
annonser@hamar-dagblad.no
Tlf.: 62 54 31 40 • 62 43 24 20
Faks: 62 54 31 60

Annonsepriser:
Vanlig annonseside pr. modul kr 399,- inkl. farge.
Tekstside pr. modul kr 599,- inkl. farge.
Linjeannonse, privat maks 10 linjer **pr. annonse** kr 45,-

Annonsekonsulenter:
Anne Huuse-Teamleder
Tlf.: 970 86 986

Linda Kristiansen
Tlf. 901 30 536

Kristin Berg Iversen
Tlf. 918 23 870

Opplag:
16.000

Utgivelse og trykk:
AS Østlendingen

Bypatrioten Hamar • Dagblad

TIPS OSS PÅ VÅRE NETTSIDER
hamar-dagblad.no
NYHETER PÅ NETT



Opprykks-sesong

Ventetida er over! Søndag braker det løs for byens fotballgutter. I år er det dessverre ikke Rosenborg og Brann HamKam skal kjempe mot, men Kongsvinger, Nybergsund og de andre lagene i Adeccoligaen. Men det kan likevel ikke bli kjedeligere enn fjorårets labre sesong. Nå kan vi se laget vinne igjen og forhåpentligvis vil sesongen ende i opprykk.

De fleste fotballeksperter tror HamKam går rett opp igjen. Laget er solid, har nesten samme mannskap som i fjor og en større spillerstall enn lagene de kjemper mot. Dessuten har de mer erfaring. Men HamKam rykker ikke opp på navn, eller tidligere bragder. Laget er nødt til å prestere jevnt gjennom hele sesongen. Det er ikke sikkert det går like lett som for to år siden. I tillegg er det knyttet spenning til spillernes anstrengte forhold til trener Arne Erlandsen, og hvordan det vil påvirke årets sesong. Lederskiftene i klubben kan også virke inn på årets resultat. Men det siste kan muligens virke positivt på HamKams framtid. Nye hoder og nye tanker kan kanskje gjøre at klubben unngår heisturene mellom divisjonene og forblir et stabilt Tippeliga-lag. For to år siden spilte HamKam offensivt og underholdende, scora 82 mål og rykka rett opp. Vi håper det skjer også denne sesongen.

NRKs fotballekspert Arne Scheie tipper at både HamKam og Kongsvinger rykker opp i Tippeligaen etter denne sesongen. Søndag møtes de to lagene til dyst på Gjemselund. I dagens avis kan du lese om spillerne som skal kjempe for HamKam denne sesongen.

Tore Svensrud
Ansvarlig redaktør

Påske-språknøtt

KOMMENTAR

JENS HAUGAN
Førsteamanuensis i norks
Høgskolen i Hedmark

Påska er her snart, og vi gler oss; sol, vårstemning, nokre fridagar - og påskenøtter kanskje. Det er no så mange ting ein kan gå rundt og lure på, bl.a. språklege ting. Kvar kjem no eigentleg ordet «påske» frå? Det ser jo ikkje ut til å passe inn i det norske språket. Lat oss prøve å forske litt på det.

Jo, for så vidt, ordet «påske» inneheld bokstaven «å». Den er nok typisk norsk/nordisk, vil ein kunne seie. Når ein slår opp i Bokmåls- og/eller Nynorskordboka, finn ein ut at den norrøne forma var «páskar» (den lange a-en i norrønt («á») blei seinare til «å»). Dette hjelper oss ikkje så veldig mykje. Ein får ikkje vite stort meir enn at ordet «påske» allereie fanst i gammalnorsk. Og når ein veit litt om gammalnorsk, ser ein at det var ei fleirtalsform («-ar»). Dette er markert i Nynorskordboka, men ikkje i Bokmålsordboka. Men i Bokmålsordboka kan ein lese at ordet «påske» opphavleg kjem frå hebraisk. Så då veit vi at ordet har vore i bruk i norsk i ca. tusen år, men at det altså er lånt frå hebraisk. Det står elles at påska er ei jødisk høgtid til minne om utvandringa frå Egypt, og at påska også er ei kristen høgtid til minne om Jesu død og oppstode.

Kristendommen kom til Noreg rundt år tusen, så det gjev jo meining at ein finn ordet «påske» i gammalnorsk. Når eg leitar meir på Internett, finn eg ut at det hebraiske ordet er «pesach», som tyder «å gå forbi»/»forbigang» (då er det nok også i slekt med ordet «passere», som er eit lånord eg skjønner). På ei nettside står det at påska blir feira for å minnast at Gud fridde sitt folk Israel frå slaveriet i Egypt. Det står om at dei smurde blod på dørstolpane og at domsengelen då gjekk forbi husa og sparte livet til den førstefødde guten. Så no skjønner eg også tydinga «å gå forbi».

Det var kanskje ikkje så aktuelt å omsetje «pesach» til norsk og bruke «forbigang» på påskefeiringa. Dei første «kristne» hadde neppe noko særleg forhold til dette då kristendommen kom til Noreg, og folk var mest vant med dei heidenske skikkane. Så ein brukte kanskje «páskar», akkurat som ein i dag bruker lånordet «halloween» istf. å snakke om «allehelgensaftan» («(All) Hallows' Eve»). Elles bruker vi jo òg framleis det gamle namnet «jul» («jól») på den «nye» vinterfesten, mens ein bruker «heilag/vigd natt» («Weihnachten») i tysktalande land og «kristmesse» («Christmas») i engelsktalande land, utan språkleg referanse til at germanarane hadde hatt ein eigen vinterfest frå før.

Via tyske Wikipedia finn eg ut at det arameiske ordet for hebraisk «pesach» var «pas-cha», og det er denne forma ein har lånt inn i det kristne vokabularet. Forma i mellomalderlatin var eit direkte lån, «pascha». Sidan latin var kyrkjespråket i mellomalderen, var det nok den latinske forma som var det direkte utgangspunktet for den norske forma «påske» (jf. også utviklinga frå latin til italiensk, «pasqua»). I mellomnedertysk hadde ein den same forma «pascha» og i tillegg også fleirtalsforma «paschen». Dermed ser ein at fleirtalsforma i gammalnorsk ikkje er så oppsiktsvekkjande heller. Språkets vegar er kanskje ikkje så uransakelege. Ein klarer nok å knekkje språknøtta dersom ein berre prøver litt.

Ei anna sak er at ein i dei andre germanske landa ein hadde kontakt med i mellomalderen, det som i dag bl.a. er England og Tyskland, kalla påska for «Easter» og «Ostern». «Ostara» (angelsaksisk «Eostre») var ei germansk vårgudinne som blei symbolisert med harar og egg (derav påskeharen og påskeeggtradisjonen i Tyskland og England). Det var jo typisk at mange av dei kristne høgtidene erstatta gamle germanske feiringar. Ordet «ostara»/»eostre» er i slekt med gresk «eos» og latinsk «aurora», som tyder «morgonraude/daggry» (derfor heiter himmelretninga som morgonlyset kjem ifrå, også «aust/ost/east»).

Ordet «pascha» finst ikkje lenger i tysk daglegtale med tydinga «påske». Ein bruker utelukkande «Ostern» i Tyskland når ein refererer til den kristne påskefesten. Men ordet «Passah/Passa» og også «Pas'cha» finst ved sida av «Pesach/Pessach» som namn på den jødiske festen som skal minnast utreisa frå Egypt, kan eg lese på Wikipedia. Elles kan ein òg lett førestille seg samanhengen mellom den germanske vårfesten, der ein kanskje bl.a. feira det tilbakevendande lyset etter ein lang vinter, og overføringa til feiringa av at Jesus stod opp frå dei døde og dermed representerte lyset som vende tilbake. Sånn sett passar kanskje «Ostern/Easter» like godt som namn på denne feiringa om våren, uansett kva for ein religiøs ståstad ein måtte ha. Det er jo tida for lys og sol, som både kroppen og sjela lengtar etter.

Eg er først og fremst språkmann. Så eg er nøgd med at eg fann ut av ordet «påske» og kanskje også «Easter/Ostern». Nokon andre blei kanskje inspirert til å prøve å finne ut meir om dei heidenske skikkane ein hadde før påska overtok som offisiell høgtid. Kanskje skriv ein kollega med religionshistorie meir om dette. Uansett håpar eg at alle koser seg med påska og kanskje ei og anna påskenøtt (norr. «hnot», eng. «nut», ty. «Nuss», lat. «nux»).

pressens faglige utvalg PFU

Hamar Dagblad arbeider etter Vær Varsom-plakatens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale, oppfordres til å ta kontakt med redaksjonen.

Pressens Faglige Utvalg (PFU) er et klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål.

Adresse: Rådhusgt. 17, Postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo • Tlf.: 22 40 50 40 • Faks: 22 40 50 55
E-post: pfu@np-nr.no